

SAMLINGSPLAN FOR JÆRMUSEET

Gjeld perioden
01.01.2012 til 31.12.2014




Foto: Stangeland, Jærmuseet

Vedteke av styret i Jærmuseet 29. mars 2012, sak 11/12

— — —
JÆRMUSEET

Innhold

Innleiring	4
1. Mål og omfang for samlingsplanen	5
1.1 Samlingar i museum.....	5
1.2 Jærmuseet sine føresetnadar og overordna mål	5
1.3 Tidlegare planar	6
1.4 Visjon for samlingsarbeidet	8
1.5 Kva type materiale er i samlingane?.....	8
1.6 Ressursar til samling og dokumentasjon: Avd. SD og Faggruppa SD	9
1.7 Overordna mål for samlingsplanen.....	10
2. Prioriterte innsamlingsfelt og tiltak	10
2.1 Fellestiltak.....	11
2. 2 Vitengarden (VG).....	12
2. 3 Vitenfabrikken (VF).....	14
2. 4 Tungenes fyr (TF).....	15
2. 5 Garborgsenteret (GS)	17
2. 6 Bygningsvern og temamuseum (avd. BT).....	17
2.6.1 Vistnestunet (Randaberg Bygdemuseum).....	17
2.6.2 Haugabakka (Klepp bygdemuseum)	17
2.6.3 Limagarden (Gjesdal bygdemuseum)	18
2.6.4 Grødal land (Hå bygdemuseum).....	18
2.6.5 Varden sjøredningsmuseum.....	18
2.6.6 Flyhistorisk Museum Sola (FMS).....	18
2.6.7 Rogaland krigshistorisk museum (RKM)	19

3. Planar for utvikling av samlingane.....	20
 3.1 Dagens samlingar.....	20
3.1.1 Forsking- og dokumentasjonsprosjekt som er gjennomførde.....	21
3.1.2 Gjenstandsamling.....	23
3.1.3 Papirarkiv	23
3.1.4 Fotografi.....	23
3.1.5 Film og video (levande bilet)	24
3.1.6 Lydarkivet.....	24
3.1.7 Bygningar	25
3.1.8 Kulturlandskap	26
 3.2 Registrering/katalogisering	27
3.2.1 Nasjonale mål.....	27
3.2.2 Status og mål for Jærmuseet.....	27
3.2.3 Tiltak i planperioden.....	28

Innleiding

Jærmuseet er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Klepp, Time, Hå, Gjesdal og Sandnes, med anlegg i alle kommunane. Det er også eitt av landets åtte regionale vitensentra med ansvar for Rogaland og Agderfylka.

Kombinasjonen av museum og vitensenter gir Jærmuseet særlege utfordringar og mulegheiter. Kjerneaktiviteten i eit **vitensenter** er populærvitskapleg formidling gjennom interaktive utstillingar og eksperiment, og den pedagogiske verksemda vil ha eit sterkare fokus i eit vitensenter enn i eit tradisjonelt museum.

Den historiske og regionale forankringa som **museum** gir ekstra styrke og fagleg tyngd til vitensenteravdelingane våre. Me driv dokumentasjon og innsamling av historie- og tradisjonskunnskap og brukar dette materialet til å formidla naturvitskap og teknologi innafor ei historisk, kulturell og almenndannande ramme. Den **geografiske regionen** Jæren har i historisk perspektiv vore, og er framleis, i vekst både innafor fylket og nasjonalt. Vår museumsregion omkransar Stavanger, landets fjerde største by. Sandnes, byen innafor region vår, er landets raskast voksende by. For 200 år sidan budde det 8 700 menneske på Jæren – i dag er her 164 000. Når me tar med Stavanger på 127 000 innbyggjarar, så bur det 291 000 menneske i nærområdet vårt. Det gir andre utfordringar og mulegheiter enn om me hadde vore museum i utkanten av fylket.

Jærmuseet sin samlingsplan er ein del av museet sitt planarbeid for å systematisera, samordna og kvalitetssikra verksemda. Planen vedkjem både tilsette, styret for museet, venneforeiningar, vertskommunar, sponsorar og andre eksterne samarbeidspartar.

Samlingane ligg til grunn for utstillingar, undervising for skuleklassar og andre pedagogisk tilrettelagde opplegg for barn og unge, lærarkurs, opne aktivitetsdagar og andre arrangement for publikum. Samlingsplanen bygger på museet sine mål uttrykt i vedtekter, strategidokument, tidlegare formidlingsplan frå 2009 samt marknadsplan. I tillegg kjem overordna føringer som stortingsmeldingar, tilskotsbrev frå Kulturdepartementet, vitensenter-programmet, fylkeskulturplan for Rogaland, samordning av privatarkivarbeidet i Rogaland, overordna føringer for Kystverkmusea og relevante kommunale planar.

Musea rapporterer årleg om verksemda si til Kulturdepartementet. Då skal me gjera greie for om me har vedtekne planar for m.a. innsamling og registrering/katalogisering.

Jærmuseet har samla desse planane i dette dokumentet som me kallar **samlingsplan**.

Jærmuseet vedtok i 2011 første utkast til **sikringsplan**. Den omfattar alle bygningar i museet. Denne vil seinare bli supplert med ein **bevaringsplan** som meir spesifikt tar for seg tema som bevaring og restaurering av bygningar og gjenstandar, bevaring av digitalt materiale, klima, lys, tilgang- og gjenfinning i samlingane. Når det er gjort vil me ha dekka dei fleste sidene ved samlingsarbeidet. Då har me ein fullstendig **samlingsforvaltningsplan**.

Årboka vår, Sjå Jæren 2010, presenterer både museet si historie og dei ulike anlegga som i dag er del av museet. Bruk boka som oppslagsverk der planen ikkje har detaljane.

Mål og omfang for samlingsplanen

1.1 Samlingar i museum

Jærmuseet skal ha ei verksemd i tråd med nasjonale og internasjonale standardar for muse. I sine statuttar definerer ICOM (International Council of Museums, det internasjonale museumsforbundet) musea sine oppgåver. Her står det m.a.

Ethvert museumsstyre skal vedta en skriftlig samlingsplan som offentliggjøres. Planen skal omhandle innsamling, bevaring og bruk av samlingene. ([ABM-skrift # 29 \(2006\)](#): 13-14).

Norsk Kulturråd (tidl. ABM-utvikling) seier vidare at planane skal gi oversikt over tilstand og eventuelle restansar, samt gi grunnlag for tilfredsstillende strategiar for vidare forvaltning.¹

I januar 2012 la Norsk Kulturråd fram rapport frå ei arbeidsgruppe med utspring i Norsk Folkemuseum som har vurdert: *Samhandling og arbeiddeling ved dokumentasjon og innsamling i kulturhistoriske museer*. Her blir det m.a. understreka utviklinga i musea dei siste tiåra. Me vil spesielt peika på endringa i forholdet museum - publikum, som har gått frå einvegs kommunikasjon til dialog. Fleire museologer skildrar endringane som er i ferd med å skje og seier at tida for den store innsamlinga av gjenstandar er over. Musea vil nå koncentrera seg om å bruka samlingane. Dagens museumspublikum har ikkje eit felles perspektiv på kva som er viktig kunnskap. Publikum har ulik erfaring, verdiar og interesser. (Hooper –Greenhill) Den nederlandske museologen Peter van Mensch ser endringane i forholdet mellom museum og publikum som uttrykk for det «participative paradigm» – deltarparadigmet (Mensch og Meijer-van Mensch 2010). Museum som arbeidar ut frå deltarparadigmet vil ønska å involvera mangfaldet av dagens brukarar til å forma museet – både fysisk og digitalt.

I desse tankane ligg det perspektiv som me ønskjer å ta med oss i denne planen og omsetta i tiltak for vidareutvikling av samlingane.

1.2 Jærmuseet sine føresetnadar og overordna mål

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie, dei tekniske utviklingslinene i norsk jordbruk og ta på seg andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver på område der dette er naturleg.

Dette arbeidet skal skje gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling.

Jærmuseet er ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid og nåtid.

¹¹ «Generelle retningsliner for bevaring og sikring av museumssamlingar» – notat sendt ut som vedlegg til rapport til musea som vart undersøkte i 2006–2007, ABM-skrift 59

Museet skal bidra til at folk flest, og særleg barn og unge, får auka kunnskap om og betre forståing for desse samanhengane slik at vi kan oppretthalda og vidareutvikla eit teknologibasert samfunn som samtidig tar vare på natur og miljø, kultur og historie.

Paragraf 3 i museet sine vedtekter

Jærmuseet eig museumssamlingar som dekker alle jærkommunane og bygningars med tilhøyrande tomteareal på Kvå og Audamotland i Hå. I tillegg har Jærmuseet driftsansvar for kommunale museumssamlingar og kulturhistoriske bygningars i Randaberg, Sandnes, Gjesdal, Klepp og Hå. Frå 1.1.2012 fekk museet ansvar for samlingane i dei to private stiftingane FMS og RKM i Sola, og når Garborgsenteret opnar, i mai 2012, får museet også ansvar for Garborgheimen og Knudaheio i Time.

Jærmuseet er eitt av fem regionmuseum i Rogaland. Det er eit konsolidert museum med avdelingar som dekker fleire ulike sider av kultur- og naturhistoria. Deler av museet har eit lokalt siktepunkt, andre deler femner regionen og på nokre felt er siktemålet å dekka feltet nasjonalt.

1.3 Tidlegare planar

"Samarbeidsutvalet for bygdemusea på Jæren" la i 1983 fram **planar for eit sameint kulturvern på Jæren**. Utgreiinga danna grunnlaget for opprettinga av Jærmuseet i 1985. Alt då såg stiftarane at ulike museumsanlegg burde utvikla kvar sine særprofilar som til saman dekka viktige område av regionen si historie:

*"Betra kommunikasjonar har gjort regionen mindre, slik at lokale samlingar og faste kulturminne har vorte lett tilgjengelege for eit mykje større publikum. Dette bør gje grunnlag for ei regional planlegging av kulturvernet. Bygningar og samlingar kan vurderast i ein heilskap og presenterast med tanke på folket i heile regionen som publikum. Konkret vil dette t.d. seia at dei lokale utstillingane kan gjevast kvar sin særprofil"*²....

"På det landbrukshistoriske området er det dessutan semje om at felles utstillingar med tilhøyrande magasin representerer den beste løysinga". Desse formuleringane var vel funderte i tenkinga bak det nye museumsprosjektet. På denne tida dokumenterte dei fleste museumssamlingar, frå Norsk Folkemuseum til dei mange bygdemusea, i hovudsak det gamle, førindustrielle bondesamfunnet. Bygdemusea på Jæren, med Høyland bygdemuseum i spissen, var mellom dei første musea i landet som meir systematisk begynte å samla og dokumentera det mekaniserte og maskinelle landbruket. Dette blei grunngjeve i den sentrale posisjonen jordbruket på Jæren har hatt siste hundreåret.³

Tidleg på 1980-talet hadde ein tankar om at Jæren/Jærmuseet skulle ta eit nasjonalt dokumentasjonsansvar på det landbrukshistoriske området. I Museumsmeldinga (1999) blei Jæren nemnt som naturleg stad for nasjonal dokumentasjon av reiskapsproduksjonen knytt til jordbruket. I 1979 løyvde fylkeskommunen midlar til registrering og innsamling av "nyare"

² <http://www.jaermuseet.no/om-jaermuseet/om-jaermuseet/387-museumsaskeladden> 2012.02.10

³ http://jm.linuxlabs.no/jaermuseet/organisasjonen_1/historia_vaar 2012.02.10

landbruksreiskapar. Midlane blei fordele på regionmusea i Rogaland. Høyland bygdemuseum samordna arbeidet i bygdemusea på Jæren. Her skjedde den mest intensive innsamlinga i fylket. I perioden 1980 – 1985 fekk bygdemusea på Jæren særskilde fylkeskommunale løyvingar til innsamling og istandsetting av tekniske landbruksminne med tanke på ein regional institusjon. 1984 vedtok årsmøtet i Høyland bygdemuseum å overføra heile si landbrukssamling til det planlagde regionmuseet. Parallelt med dette blei fylkeskulturplanen revidert og opna for eit nytt regionmuseum:

"I hver region skal det være et større museum med faglig kvalifisert arbeidskraft. (...) Det bør videre opprettes et regionmuseum i Jær-regionen. Dette museet tenkes tillagt landbrukshistorisk arbeidsfelt som spesialområde".

Men alt på stiftingsmøte 21. januar 1985 hevda somme: *"Jærmuseets arbeid måtte være langt videre (enn eit landbrukshistorisk museum) Det ønskelige ville være om Jærmuseet maktet å avspeile mangfoldet av den historiske vekst og utvikling på ulike felter tilhørende vårt distrikt, og som innflyttere og senere generasjoner også kunne identifisere seg med".*⁴

I 1995 vedtok styret **"Strategi- og handlingsplan for Jærmuseet 1995 – 2000"** (sak 21/95). Blant dei prioriterte oppgåvene for innsamling og forvaltning er – å skaffa oversyn gjennom registrering og katalogisering, laga restaureringsplan, strengare prioritering i innsamlinga, utarbeida innsamlingsplan for etterkrigsmateriale, ta inn landbruksrelaterte gjenstandar av serleg verdi eller i god stand som kan erstatta därlegare objekt i samlingane.

Samtidsdokumentasjon er eit viktig punkt i planen. Prosjektet "Med sauен til heis" var i gang og planen la opp til at det skulle etterfølgjast av fleire samtidsprosjekt knytta til driftsformer i jordbruket. Ein annan type prosjekt var utprøving og dokumentasjon av driftsopplegg knytta til ulike typar teknologi knytta til gardsdrifta på museumsgarden Kvia som har vore i heilårdsdrift sidan 1992.

Like frå 1988 var Jærmuseet engasjert i dokumentasjon av industrihistorie i samarbeid med fleire av kommunane på Jæren. Det var naturleg å sjå på historia til mange av desse ulike industriverksemidene som eit felles dokumentasjonsprosjekt for regionen. I 1996 blei det inngått ein avtale mellom dei sju jærkommunane om å etablera eit regionalt industrimuseum i Sandnes som eit tredje byggesteg av Jærmuseet. Industrimuseet skulle samlokalisera med eit eige bymuseum for Sandnes i det såkalla "Museumskvartalet"⁵.

Jærmuseet har sidan skipinga i 1985 vore eitt av regionmusea i Rogaland, dvs. museet er del av **fylkeskommunen si museumsforvaltning**. I den første fylkeskommunale museumsplanen frå 1992 er det laga eit oversyn over ansvarsfordeling av tema mellom dei ulike regionmusea, ei liste som ligg som vedlegg i **"Regionplan for museum 2011 – 2014"**. Her er følgjande tema lista opp under Jærmuseet: Moderne jordbruk, kulturlandskap, industri knytta til produksjon av landbruksreiskap, landbrukssamvirke, meieri, slakteri, stasjonsbyen,

⁴ http://jm.linuxlabs.no/jaermuseet/organisasjonen_1/historia_vaar 2012.02.10

⁵ http://jm.linuxlabs.no/jaermuseet/organisasjonen_1/historia_vaar 2012.02.10

møller, ullvareindustri, teglverk, møbelproduksjon, sykkelindustri, ferdighus, kraftforsyning, fyr, - los- og merkevesen, redningsvesen, fly, krigstid.

Det er fleire tema som finnes på listene til meir enn eitt regionmuseum, noko som først og fremst viser at dette ikkje er avtalt ansvarsfordeling, men meir ei liste over dei tema musea arbeider med eller har sett på sine eigne planar.

Fylkeskommunen vedtok "**Regionplan for museum 2011 – 2014**" Den legg opp til ei omorganisering av fellesstenester for musea, noko som skal utgreiaast i 2012. Parallelt med dette skal regionmusea laga ein felles samlingsplan. Forvaltninga av samlingane, inkludert tilfredsstillande katalogisering, kan ikkje skiljast frå det enkelte museum. Skal for eksempel ein gjenstand (eller foto) katalogiserast tilfredsstillande, er ein avhengig av den kompetansen og kunnskapen det enkelte museum har på området. Men musea kan gjerne samarbeida om felles praktiske og tekniske tenester – som digitalisering, konservering og fellesmagasin. Ansvaret og beslutningane for samlingane, og kva som skal skje med dei, må det enkelte museum ta sjølv. Det er klart at musea må ta ansvar for både opprydding i samlingane, eventuell avhending av samlingar (kassasjon), samordning av innsamlingspolitikk etc. – både fylkesvis og på landsbasis.

Veksten i Jærmuseet frå 2002 er av ein slik karakter at rammene for tidlegare planar ikkje lenger strekk til. På den eine sida forvaltar me i dag lokale bygdesamlingar som først og fremst skal formidlast, mens me på den andre sida skal samla og vidareutvikla på dei same felta som før, men i tillegg på nye felt.

1.4 Visjon for samlingsarbeidet

Museet samlar for å forska og formidla samanhengar mellom natur- og kulturhistorie.

Det gjer me gjennom å dokumentera:

- **gjenstanden i sin samanheng**
- **handlingsboren kunnskap**
- **endringar i teknologi og samfunn**

Museet vil legga serleg vekt på å supplera gjenstandssamlinga, dvs den materielle kulturarven, med den immaterielle kulturarven.

1.5 Kva type materiale er i samlingane?

Jærmuseet sin første strategi for innsamling var knytta til å samla gjenstandar frå det mekaniserte jordbruket. Men i tillegg starta ein tidleg å samla privatarkiv og fotosamlingar frå industribedrifter og andre. Eigen dokumentasjon gjennom innsamling av munnleg tradisjon, supplert med film /video er ei anna side av samlingane. Museet har sidan 1988

lagt vekt på samtidsskifte. Materialet frå desse prosjekta er foto-, film-, intervju- og arkivmateriale og i mindre grad gjenstandar.

Museet legg også vekt på å dokumentera og vidareføra den immaterielle kulturarven knytta til handverk/industri, jordbruksproduksjon og matlaging. Det er prosjekt som ljåsmiing, arbeid med hest i jordbruket, slakt og bearbeiding av kjøt til mat.

Jærmuseet har sjølv ein museumsgard med 56 dekar jord, dvs. eit kulturlandskapsobjekt. I tillegg forvaltar me areal tilknytta dei mange lokale museumsanlegga i regionen vår. Både kulturhistoriske bygningar og –landskap og naturhistorisk materiale er del av samlingane våre. Samlingsplanen skal famna alt dette.

1.6 Ressursar til samling og dokumentasjon: Avd. SD og Faggruppa SD

Planen skisserer mål for innsamling, registrering og katalogisering i planperioden. Tiltaka er Kva som blir gjennomført vil vera, knytta opp mot dei ressursane som trengs til dette. Med prioritert og vil bli gjennomført i den grad me har ressursar. Med ressursar meines først og fremst fagfolk og andre personressursar til å stå for innsamling, dokumentasjon og forvaltning. Flaskehalsen i dette arbeidet er personalressursar, for Jærmuseet som for andre museum. Museet bruker eit nasjonalt utvikla dataprogram for det grunnleggande samlingsarbeidet. Me har rimeleg god tilgang på utstyr og fysiske fasilitetar til å utføra registrering, katalogisering og digitalisering. Det er ikkje lagt opp til finansiering via sponsoring av dette arbeidet, så ressursstilgangen må stort sett løysast innafor driftsbudsjettet.

Samlingsarbeidet er organisert som ei fellesmeneste i Jærmuseet. Slik har det vore sidan museet fekk ulike avdelingar i 2002. Frå 2012 er ansvar for arbeidet lagt til ei eiga avdeling: *Samling og dokumentasjon*. Avdelinga blir leia av sjefskonservator og består elles av ein arkivar, ein konserver og ein historikar/rådgjevar, dvs. 4 heile stillingar. Det daglege arbeidet innan samlingsarbeidet ligg dels på denne avdelinga, dels på tilsette på andre avdelingar. Det er derfor oppretta ei Faggruppe for Samling og dokumentasjon. Den består av dei fire i avd. SD og i tillegg avdelingsleiar/historikar på Tungenes Fyr, avdelingsleiar/arkitekt Bygningsvern og temamuseum, museumskonsulent på BT, museumskonsulent på VF og museumslektor /historikar på VG. Der er i alt ni stillingar som alle har arbeidsoppgåver innafor og utanfor reint samlingsarbeid. Me nyttar år om anna ekstrahjelp og ekstraordinær arbeidkraft i tillegg.

I 2011 blei det utført til saman 4,2 årsverk på feltet samlingsarbeid. Då er ikkje restaurering og vedlikehald av kulturhistoriske bygningar og gjenstandar teke med. Av dette utførte dei fast tilsette 2,3 årsverk. 0,9 årsverk blei utført av frivillige og ekstrahjelp.

Tiltaka i planperioden tar utgangspunkt i pågående arbeid med utstillingar, registrering/katalogisering og forvaltning av det som alt er samla. Innsamling blir også vurdert opp mot tilgang på høvelege magasin. Men uansett vil det vera naudsynt å tilføra dette arbeidet større ressursar om alle dei tiltaka som er foreslått skal gjennomførast.

I det siste tiåret har museet fått ansvar for fleire andre museum, med til dels store samlingar. Jærmuseet har samarbeidd med dei fleste av dei kommunale lokalmusea gjennom fleire år før me fekk ansvar for forvaltninga. Ikkje minst dreiv me rettleiing i arbeidet med å registrera og katalogisera fleire av gjenstandssamlingane, noko som betyr at ristreringsarbeidet med desse samlingane var kome langt før me overtok ansvaret. Me har også vore med i planarbeid. Såleis skreiv me utkastet til den museumsplanen som Sandnes kommune vedtok i 1993. Planen innehold m.a. ein plan for bymuseum med ei regional industriavdeling. Dette museet er nå iferd med å bli realisert som del av Jærmuseet si avdeling Vitenfabrikken. Planen frå 1993 er m.a.o. framleis aktuell.

1.7 Overordna mål for samlingsplanen

1. Ha ein samordna plan for innsamlingstema som dekker dei ulike avdelingane i museet
2. Planen skal gjera klart kva tema som er aktuelle på avdelingane
3. Jærmuseet legg vekt på vitensenterformidling og dette skal ein ta omsyn til i samlingsplanen
4. Planen skal gje grunnlag for tilfredsstillende strategiar for vidare forvaltning og utvikling av samlingane. Dette omfattar revisjon av samlingane med oppdatering og fornying.
5. Planen skal vera Jærmuseet sitt innspel til Rogaland fylke sin samlingsplan for regionmusea.
6. Planen skal vera Jærmuseet sitt innspel til samordning av privatarkiv arbeidet gjennom Statsarkivet i Stavanger.

2. Prioriterte innsamlingsfelt og tiltak

Delar av samling er utifrå tema og opphav knytta til bestemte avdelingar og anlegg innafor Jærmuseet. Det gjeld t.d. samlingane frå Jonas Øglænds bedriftsmuseum og samlingar frå leirvare og tekstilindustrien som er knytta til Vitenfabrikken, samlingar frå landbruksindustrien på Jæren og samlinga av traktorar som er knytta til Vitengarden.

Men museet har også ei brei samling hestereiskap som er knytta til alle dei fem historiske gardsanlegga som er del av Jærmuseet. Dei lokalhistoriske samlingane og miljøutstillingane dokumenterer i tillegg møbler, utstyr, tekstilar frå gardsmiljø på Jæren, vesentleg i tida 1890 – 1960. På visse felt er det også gjenstandar frå 1970-talet og nyare. Mykje av dette er industriprodukt av same slag som også dokumenterer livet i tettstad og bymiljø i regionen. Desse samlingane må vurderast under eitt med omsyn til innsamling og revisjon av samlingane.

Ein viktig del av samlingane til Jærmuseet er privatarkiv. Her dekker samlingane i dag verksemder som industri, handel og samferdsle, ulike samarbeidstiltak, faglag, organisasjonar og privatpersonar. Det er arkiv av lokal, regional og nasjonal betyding.

Industriarkiva er frå bedrifter innan mekanisk, trevare- ferdighus- møbler, tekstil-, leirvare og næringsmiddelindustri.

2.1 Fellestiltak

1. **Delta i faglege museumsnettverk** med prosjekt som dekker ein eller fleire avdelingar i museet. I planperioden skal Jærmuseet vera med i nettverk innan Bygg (avd. BT), Kulturlandskap (alle avd.), Litteratur (GS), Luftfart (avd. BT), Samtid (VG) og Foreningen norske vitensentre (FNV).
2. **Privatarkiv og fotovernarbeid** Vera ein pådrivar i fellesprosjekt innan fotoarbeidet gjennom Fotonettverk Rogaland. Gjennom dette nettverket skal museet også samarbeida med institusjonar innan arkiv og bibliotek om enkeltprosjekt eller fellesprosjekt. Jærmuseet er med i Landslaget for privatarkiv (LLP) og er aktiv i Fotonettverk Rogaland der 13 museum og arkivinstitusjonar er med. (avd. SD).
3. **Kulturlandskapsprosjekt: Historiske hagar på Jæren.** I byane, stasjonsbyane og på gardane var det for 50 - 100 år sidan hagar og hageliknande anlegg som me i dag har liten kunnskap om: kva nytte- og prydvekstar var vanlege og koss blei hagar laga og stelte? Museet har 8-10 hagar i tilknyting til museumsanlegga og ønskjer på sikt å legga om eller nyanlegga hagar slik at dei blir meir tilpassa dei ulike museumsanlegga. Kunnskap om gamle hageanlegg er då grunnleggande. Hausten 2011 starta arbeidet med eit forskingsprosjekt på gamle hagar og hageplantar i samarbeid med Hageselskapet i Rogaland, Botanisk hage og Arkeologisk Museum UiS. Det er søkt om midlar til forprosjekt som skal gjennomførast i 2012. (avd. VG, VF, TF, GS, BT)
4. **Privatarkiv og fotosamlingar** Nærings- og samfunnsliv på Jæren er i rask omforming. Spesielt innafor tradisjonell industri og jordbruk forsvinn bedrifter og verksemder med til dels lange tradisjonar. Det er difor viktig å prioritera innsamlinga innafor dei tema museet dekker.
5. **Revisjon av gjenstandsamlingane** Museet er i gang med oppgradering av magasina og flytter ut av därlege lager. Det pågår rydding i landbruksamlingane på dei lokale anlegga. Då vurderer me samstundes kva som skal takast vare på og kva som skal kasserast. Dette arbeidet vil halda fram i planperioden. Det er satt stopp for innsamling av hestereiskap, utover rein fornying av gjenstandar i bruk.
6. **Rekvisittar og referancesamling til formidlingsbruk.** Laga samla plan for kva som trengs på dei ulike avdelingane, i samsvar med vedtatte formidlingsplanar.
7. **Takpanner i Rogaland – ei prosjekt som har til mål å identifisera takpanner frå dei ulike teglverka i Rogaland som produserte takpanner frå 1784 til om lag 1960.** Prosjektet blei i gang satt i 2009 då bygningshandverkaren starta systematisk fotografering av pannene som ligg på våre kulturhistoriske bygningar. Målet er sikker identifisering for å vedlikehalda taka med lokalproduserte panner. Dette prosjektet dekker både bygningsvern og industrihistorie og femner alle avdelingar.

2. 2 Vitengarden (VG)

Avdelinga Vitengarden har museumsgardane Kvia og Audamotland. Kvia er bygd i 1878, med innbu og miljø frå om lag 1960. Her er det jordbruksdrift og husdyr på heilårsbasis.

Audamotland har heimehus frå kring 1800, driftsbygning frå kring 1900 og fleire nyare hus. Anlegget er under restaurering.

Vitengarden har mat som ansvarsområde innan formidling. Avdelinga skal dokumentera og vidareføra den immaterielle kulturarva knytta til både jordbruksproduksjon og matlaging, og skal oppfylla målet i vedtekten om å dokumentere dei tekniske utviklingslinjene i norsk jordbruk.

Innsamlingsfeltet er vidt, og ein kan sjå det frå ulike innfallsvinklar.

- Det dekker heile regionen, jordbruket er, og har vore, ei viktig næring i alle kommunane.
- Industrien på Jæren har vore sterkt knyta til jordbruket, ein industri som har påverka jordbruket nasjonalt, og gitt inntekter og kompetanse lokalt.
- Jordbruket styra dagleglivet, til dømes kva mat som stod på bordet, rytmen gjennom året, rollene til familiemedlemmene, familien sin status eller kva inntekter som var disponibele.
- Jordbruket har forma og påverka kulturlandskapet.
- Det påverka i høg grad utviklinga av byar og tettstader i regionen, det påverka næringslivet og utviklinga av finansinstitusjonar.
- Jordbruket er ein viktig del av identiteten og mentaliteten på Jæren. Det har prega lokalpolitiske prioriteringar, og blitt påverka av nasjonale føringar. Og, ikkje minst, det har vore ein integrert del av foreningslivet i regionen.

I tid er det naturleg å starte med år 1800, tabellen nedanfor viser hovudtrekk ved jordbruket i regionen i perioden fram til i dag.

År	Trekk ved jordbruket
1800	Klyngetur og spadebruk. Arbeidsinnvandring i våronna. Intensiv bruk av utmarka og ei overføring av ressursar frå utmark til innmark. Kornproduksjon, arbeidsintensiv drift. Leiglendingar, husmenn og bønder. Smier.
1900	Husdyrproduksjon og hestereiskapar. Nydyrkning og uttappingsprosjekt. Intensiv bruk av innmarka. Smiene er blitt til fabrikkar. Sjølveigande bønder, heiltidsbønder.
2000	Ein stor del av matproduksjonen i Norge skjer på Jæren, og regionen skil seg ut med ei livskraftig næring. Bonde er ikkje berre ei livsform, det er også eit yrke og næringa er avhengig av arbeidsinnvandring. Geografiske skilnadar i regionen. Jordbruket er pressa av andre næringar og tettstadutvikling. Det er igjen ein stor fabrikk, nokre få små, og mange som leverar utstyr til næringa.

2.2.1 Tiltak i planperioden

Sjølv om museet har gjenstandar og arkivmateriale som dekker vesentlege delar av innsamlingsfeltet er det bruk for meir kunnskap. Museet må få ein oversikt både av kva ein

har, og kva som manglar. I planperioden vil ein prioritere innsamlingsarbeid i tilknyting til andre prosjekt innan formidling, forsking eller dokumentasjon. Tiltaka er lista opp nedanfor.

- **Noregsgarden.** Eit dokumentasjonsprosjekt i samarbeid med musea sitt nasjonale kulturlandskapsnettverk. Seks museum deltek og målet er å skaffa kunnskap om eigen gard, i vårt tilfelle Audamotlandsgarden, og å legga til rette for komparativ gards- og kulturlandskapsforskning. Gjennom prosjektet får ein fram kunnskap om gardsdrifta, bruken av utmarka, bygningar og folka som budde på garden. Det skal munna ut i ein skjøtsels- og formidlingsplan for museumsgarden. I prosjektet vil det bli kartlagt kva museet sit inne med og kva som manglar av gjenstandar for å kunna formidla typisk gardsdrift på Jæren i perioden frå byrjinga av 1800-talet og fram til 1950.
- **Samtidskoden.** Musea sitt samtidsnettverk har starta eit prosjekt der ein skal drøfte og tydeleggjere korleis prosessar rundt innsamling og dokumentasjon i samtida kan utviklas for å auke musea sin verdi og relevans. Jærmuseet deltek med prosjektet "Stein e'kje berre stein". Her ynskjer me å sjå på metodar og museologi i samband med samtidsdokumentasjon, utgangspunktet vårt er kulturlandskapet og bruken av stein på Jæren. Prosjektet starta opp i januar 2012 og vil gå fram til vår 2013.
- **Ei gjødsla historie.** I samband med utvidinga av stallen på Kvia 4H-gard blir det planlagt eit rom til formidling av gjødsel, gjødselbruk og biogass. Fleire reiskapsprodusentar på Jæren har laga utstyr til handtering av gjødsel. Gjennom prosjektet vil ein få ein oversikt over produsentar og produkt, gå gjennom samlingane og lage ein plan for kva museet bør skaffe.
- **"Formidling av mat, måltid og matproduksjon"** - *Utstillingsprosjekt under utvikling* med tre hovudmål: Å laga ein plan for vidareutvikling av utstillingane om mat og matproduksjon ved Vitengarden, bli meir samtidsretta og få nye interaktive stasjonar. Å undersøke korleis Vitengarden kan bli ein god møteplass for bønder, matindustri og forbrukarar. Å undersøke korleis kulturinstitusjon, matindustri og undervisingsinstitusjonar kan samarbeida i formidling mot barnehagar, skuleklassar, studentar og andre elevgrupper.
- **Vindkraft** Innsamling av data om historisk bruk av vindkraft i tilknyting til nettutstillinga som blei opna i desember 2011.
- **Studiemagasinet** I løpet av planperioden skal det lagast ein plan for nytt innhald i studiemagasinet, ref. Formidlingsplan. Dette arbeidet vil gje oversikt over reiskapsprodusentar på Jæren og kva museet sit inne med av gjenstandar og arkivmateriale innan dette feltet.
- **Supplering av info til samlingane** Ordning og informasjonsinnsamling skal kombinerast under arbeidet med følgjande privatarkivsamlingar: Kverneland ASA, Br. Hetland.
- **Revisjon av samlingane** Det vil i planperioden bli gjennomført revisjon av traktorsamlinga.

2. 3 Vitenfabrikken (VF)

Vitenfabrikken inneheld ei autentisk havregrynsmølle frå 1912 med møllemeisterbustaden frå 1898, delar av sykkelfabrikken til Jonas Øglænd (1942) og eit moderne museumsbygg frå 2008. Avdelinga omfattar i tillegg Tranegården på Austrått og tre kvernhus, eit hjulhus og ein snekerverkstad – alle på rot rundt i Sandnes kommune.

Vitenfabrikken skal formidla Sandnes by sin historie og den regionale industrihistoria. Det vil me gjera rundt følgjande tema:

- Byvekst – frå strandstad i 1860 til landets raskast veksande by. Tettstadsvekst, urbanisering og innflytting/innvandring.
- Omstilling i næringslivet i regionen – verdiskaping i ulike tidsperiodar
- Leirvare frå første teglverk i 1783 til dagens fajanseproduksjon og betongvare
- Handelsbyen Sandnes frå 1860 – omsetting av jordbruks- og industriprodukta
- Trevareindustri – frå dører og vindu til ferdighus og møbler
- Jern- og metallindustrien – med Jonas Øglænds syklar frå 1906
- Tekstilindustrien - ullvare frå 1870 og konfeksjon frå 1926 til dagens strikkegarnproduksjon

Basis i samlingane tilknytta Vitenfabrikken er Jonas Øglænds bedriftsmuseum og Sandnesmuseet sine samlingar. Dei omfattar både gjenstandar, arkiv og fotosamlingar. Her er det fortsett udekka område.

Vitenfabrikken laga i 2011 utstillinga "Turi-design" som presenterte dei mange servisa signerte av Turi Gramstad Oliver, produsert av Figgjo AS. I 2012 skreiv me avtale om å overta den bedriftshistoriske samlinga og det historiske arkivet til bedrifta. Avtalen omfattar produkt laga like fram til i dag. I tillegg skal me ha eitt årleg møte for å vurdera supplering av både arkivmateriale og produkt. Det sikrar ei vesentleg del av industrihistoria. Men det er førebels ikkje gjort noko for å dokumentera betongindustrien som er ei vidareføring av teglverka.

Også innan trevare, møbler og ferdighus er museet därleg dekka. Museet samarbeider for tida med Bjørn M. Stangeland, tidlegare direktør i Block Watne, om eit bokprosjekt som også omfattar kartlegging og innsamling av materiale om firma Block Watne.

2.3.1 Tiltak i planperioden

Spesielt i første del av planperioden vil arbeidet måtta kombinerast og tilpassast eit omfattande utstillingsarbeid.

1. **Figgjo AS** Laga plan for dokumentering av Figgjo sin produktutviklingsavdeling.
Bedrifta har gjennom dei siste tiåra omstilt produksjonen frå servise til privathushald til bare å levera til det profesjonelle storhushald- og restaurantmarknaden. Utvikling er truleg like viktig som produksjon for å overleva

som bedrift. Me ønskjer å dokumentera korleis bedrifta arbeider på dette området, både i dag og gjennom dei siste tiåra.

2. **Det ska svara seg ...** er et nytt utstillingsprosjekt som skal gjennomførast i 2012/2013. Rammefortellinga vil ta utgangspunkt i Sandnes by si historie og regionen si industrihistorie. I denne samanhengen vil me supplera samlingane der dette viser seg å bli aktuelt.
3. **Møllemesterbustaden** Prioritera registrering og vidare innsamling av lokalproduserte objekt som kan stillast ut gjennom å møblera dette huset.
4. **Supplering av dokumentasjon til samlingane** Museet prioriterer ordning og informasjonsinnsamling av fotosamlingane i bedriftsarkiva til Jonas Øglænd, Sandnes Aducerverk og Figgjo AS.
5. **Ferdighusproduksjon** Det bør i planperioden utarbeidast plan for dokumentasjon av ferdighusproduksjonen i distriktet.
6. **Revisjon av samlingane** Museet er i gang med oppgradering av magasina som er knytta til Vitenfabrikken. Då vurderer me samstundes kva som skal takast vare på og kva som skal kasserast. Dette arbeidet vil halda fram i planperioden.

2. 4 Tungenes fyr (TF)

er eit av fire museum som til saman utgjer nettverket Kystverkmusea. Dei andre musea er Lindesnes fyrmuseum, Dalsfjord fyrmuseum og Lofotmuseet. Kystverkmusea kan ikkje forvaltast som ei enkelt samling. Gjenstandar, dokument, fotografi vil inngå i ulike museum sine samlingar. Kystverkmuseet er i ferd med å laga ein forvaltningsplan for å sikra ei felles forvaltning og innsikt i samlingane.

Kystverkmusea har laga ei arbeidsdeling der Tungenes fyr skal ha eit serleg ansvar for VTS (Vessel Traffic Services) , dvs. at navigasjon og losing er eit viktig felt.

Tungenes Fyr består av fyrbrygg, uthus, fyrvoktar- og fyrbetjentbustad. Det freda fyrbrygget frå 1862 inneheld ei miljøutstilling som syner korleis fyrvaktaren og hans familie budde på 1930-talet. Anlegget har kafé og rom for utleige til arrangement. Av samlingar har Tungenes Fyr ei rekke måleri etter Oskar Sørreime i tillegg til ei samling båtar, båtmotorar, fiskereiskap og anna sjøbruksutstyr. Det er planar om å oppretta eit maritimt vitensenter i samband med Tungenes Fyr / Sjøbruksmuseet.

Jærmuseet har gjennom Hå bygdemuseum ei ikkje ubetydeleg samling i Varden Sjøredningsmuseum. Desse samlingane må ein sjå i samanheng med Kystverkmusea.

2.4.1 Tiltak i planperioden

Tungenes fyr gjekk formelt inn i Jærmuseet som ein eigen avdeling i 2008. Jærmuseet har tidlegare vore engasjert med gjenstandsarbeidet ved Tungenes fyr og Sjøbruksmuseet, og har både stått for registrering og bevaring. Det finst likevel ikkje eit samla, elektronisk

oversyn over gjenstandane som hører til Tungenes fyr og Sjøbruksmuseet. Dette blir difor ei prioritert oppgåve for Togene fyr i samlingsplanen.

Gjennom Kystverkmusea er Tungenes fyr forplikta til å dokumentera los-, navigasjons- og sjøtrafikkcentralhistoria. Avdelinga har få gjenstandar som kan relateras til desse områda innanfor Kystverket si verksemد.

Det maritime vitensenteret vil ha eit samtidsfokus som krev nyare gjenstandar, spesielt innanfor område moderne sjøbruk og fiske.

I planperioden vil det vere behov for tilvekst til og revisjon av samlingane i forbindelse med forskings- og fornyingsprosjekt. Dei prioriterte oppgåvene vil vere følgjande:

- **Historia til Sjøtrafikkcentralane** Tungenes fyr har eit nasjonalt ansvar for å dokumentera historia til Sjøtrafikkcentralane. Avdelinga fekk ein del historisk utstyr frå Fedje i 2010, men treng meir gjenstandar og arkivmateriale for å få eit meir fullstendig oversyn over denne delen av Kystverket si verksemد.
- **Nyare loshistorie i Rogaland** Tungenes fyr har også eit nasjonalt ansvar for å dokumentera loshistorie. Denne historia er nokså därleg dokumentert, og på kortare sikt vil det ikkje vere mogleg å dokumentere heile den norske loshistoria. Prioritert geografisk område og tidsperiode i planperioden er Loshistorie i Rogaland etter andre verdskrig. Jærmuseet har noko privat arkivmateriale frå denne perioden, men ingen gjenstandar. Det vil vera aktuelt å få oversyn over materiale i Kystkultursamlinga i Tananger og i offentlege arkiv.
- **Tungenes fyr** Tungenes fyr er 150 år i 2012. Historia til fyret er delvis dokumentert, men det er framleis mykje informasjon som ikkje er samla. Det er samla ei rekke gjenstandar til fyret, men berre eit fåtal av desse er autentiske. Gjenstandane er i stor grad rekvisittar. Det vil vere aktuelt å innhente gjenstandar frå Kystverket eller frå familiar som har budd på Tungenes fyr.
- **Maritimt vitensenter** I det framtidige maritime vitensenteret vil ta føre seg ein del, for Tungenes fyr sin del, nye tema, m.a. moderne sjøbruk og fiske. Dette krev nye gjenstandar, ein egen innsamlingsstrategi bør formulerast i løpet av planperioden.
- **Revisjon av Sjøbruks- og motorsamlinga** I samband med fornying av Sjøbruksutstillinga og flytting av gjenstandar frå Randaberg sitt museumslager på Viste vil det bli gjennomført ei revisjon av både Sjøbruks- og motorsamlinga.
- **Kystreisa 2014** - Prioritera registrering/ katalogisering og tilrettelegging av materiale som skal nyttast i dette prosjektet.

2. 5 Garborgsenteret (GS)

er ennå i oppstartfasen og opnar for publikum våren 2012. GS er lokalisert saman med Time bibliotek og har t.d. samarbeid om boksamling. Gjenstandssamlinga til GS vil først og fremst vera knytta til bygningar og innbu i Garborgheimen og Knudaheio.

2.5.1 Tiltak i planperioden

Garborgheimen og Knudaheio går formelt inn i Jærmuseet som del av Garborgsenteret våren 2012. Bygningar og innbu tilhører Time kommune og er den av Time bygdemuseum. Største del av desse samlingane blei elektronisk registrerte og fotografert frå 1992 – 1999, i samråd med Jærmuseet. Museet har kopi av database, papirutskrifter og registreringsfoto (negativ og papirkopiar). Det er 2650 nummer i databasen.

1. **Samlingsoversyn** Vurdera kor mykje i Time bygdemuseums database som er relevant å legga over i Primus og i tillegg registrera resten av gjenstandar og anna materiale knytta til Garborgheimen og Knudaheio.
2. **Plan for vidare innsamling**

2. 6 Bygningsvern og temamuseum (avd. BT)

Hausten 2011 blei dei lokale anlegga og dei to spesialmusea som blei konsolidert inn i museet frå 1.1.2012 organisert i ei ny avdeling: "Bygningsvern og temamuseum". Varden sjøredningsmuseum, Flyhistorisk Museum Sola og Rogaland Krigshistoriske Museum er spesialmuseum med kvar sine tema, medan dei lokale bygdemusea har mange fellestrekk. Det er gardsbygningar som ligg i sine opphavlege kulturlandskap. Dei har såleis også særtrekk. Dei høyrer heime i bygder med ulik næringshistorie t.d. Vår oppgåve er både å vedlikehalda og formidla samlinga av gjenstandar, foto og tradisjonar på desse anlegga, samt å få fram særtrekka på det enkelte anlegget. For spesialmusea er det viktig å spissa historiefortellinga. Det kan innebera aktiv innsamling på avgrensa felt.

2.6.1 Vistnestunet (Randaberg Bygdemuseum)

ligg i Randaberg. Dette er ein autentisk kystgard med eit typisk gardsmiljø frå slutten av 1800-talet. Tunet er omgitt av ressursane randabergbonden hadde til rådvelde; dyrka mark med llynghei og sjøen. Heimahuset (1874) er i dag delvis innreidd med miljøutstilling av gjenstandar samla inn i Randaberg. Randaberg kommune eig 30 daa dyrka mark rundt tunet. Jæren Friluftsråd eig og forvaltar skog og llynghiområde ved Vistnestunet.

2.6.1.1 Tiltak i planperioden

- 1 **Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

2.6.2 Haugabakka (Klepp bygdemuseum)

(Klepp bygdemuseum) ligg i eit bustadområde i Klepp. Anlegget består av eit jærhus frå 1852 og eit folgehus ("Sandneskasse") frå 1906. Jærhuset har tidlegare vore nytta som skule,

lærarbustad og kommuneadministrasjon. Fram til i dag (2012) har huset romma miljø- og gjenstandssamling og skiftande temautstillingar.

2.6.2.1 *Tiltak i planperioden*

- 1. Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

2.6.3 Limagarden (Gjesdal bygdemuseum)

Eit autentisk gardsbruk som ligg med utsyn over Limavatnet i Gjesdal kommune. Bygningane er frå 1800 – 1939. Garden var i drift til om lag 1980 og ligg i eit kulturlandskap prega av beite. Det har aldri vore traktor på Limagarden. Jærmuseet disponerer bygningane, tunet og delar av marka. Samlingane til Gjesdal Bygdemuseum er registrerte og blir dels utstilt på Limagarden, dels ligg dei i ulike magasin. Jærmuseet tar sikte på å reindyrka preget av Limagarden som eit førmekanisert gardsbruk i første del av 1900-talet. Arbeidet med sauene stod sentralt. Gjesdal var kjend som ei handverksbygd på 1800-talet.

2.6.3.1 *Tiltak i planperioden*

- 1 Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

2.6.4 Grødaland (Hå bygdemuseum)

Her er husa med hage på to av brukena bevart på sin opphavlege stad, mens innmark og utmark tilhører dei andre brukena på garden og er i moderne drift. Grødaland ligg nær havet og bygningsmaterialar og –detaljar har mange minne etter dramatisk forlis- og redningshistoriar. Dei to heimahusene har miljøutstillingar som syner korleis folk budde rundt 1850 og 1920.

2.6.4.1 *Tiltak i planperioden*

- 1. Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

2.6.5 Varden sjøredningsmuseum

ligg på området til Også camping. Museet vart oppretta for å dokumentera og ta vare på utstyret til redningsstasjonane på Jæren. Hovudgjenstanden i utstillinga er redningsbåten "Tryg". Utstillinga formidlar forlis- og redningshistoria på Jæren.

2.6.5. 1 *Tiltak i planperioden*

- 1. Supplera det innsamla materialet** når ein har fått oversyn over samlingane.
- 2. Kystreisa 2014 - Prioritera registrering/ katalogisering og tilrettelegging av** materiale som skal nyttast i dette prosjektet

2.6.6 Flyhistorisk Museum Sola (FMS)

Museet ligg i Sola kommune ved Stavanger lufthavn og disponerer 2/3 av ein verneverdig hangar i sjøflyhamna. Bygningane blei sette opp av tyskarane under 2. verdskrig. Det er eit

autentisk anlegg med ei unik samling fly som dekker både sivil og militær luftfartshistorie. Frivillige har bygd opp museet og halde anlegget ope for publikum. Frå 1. januar 2012 overtar Jærmuseet driftsansvaret.

2.6.6.1 *Tiltak i planperioden*

- 1. Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

2.6.7 Rogaland krigshistorisk museum (RKM)

Rogaland Krigshistorisk Museum held til i tidlegare Soma militærleir i Sola kommune. Utstillingane syner liv og kvardag i lokalsamfunnet under 2. verdskrig, inkludert motstandsarbeidet og tilhøret for jødane. Museet har ei stor samling militære køyretøy og tyngre militært utstyr. I tillegg inneholder samlingane ei omfattende mengd intervjuer, arkiv og foto. Dette er eit godt utgangspunkt for framtidig innsamling, forsking og formidling. Tema må spissast, også i forhold til andre institusjonar. Planar for dette manglar og må setjast i gang.

2.6.7. 1 *Tiltak i planperioden*

- 1. Avklara tema og profil for formidlinga på anlegget.** Vurdera behov for innsamling ut frå dette.

3. Planar for utvikling av samlingane

3.1 Dagens samlingar

Målsetting:

- *gjera samlingane tilgjengelege for publikum*
- *legga til rette for at ulike brukargrupper kan delta i utviklinga av samlingane*
- *forvalta samlingane med respekt for opphavspersonane, dei som har skapt samlingane gjennom å gje av sin kunnskap, frivillig arbeid eller gje gåver*

Då Jærmuseet blei etablert i 1985 fekk det med seg samlinga av jordbruksreiskap frå Høyland bygdemuseum. Bakgrunn for den samlinga er omtalt i Innleiinga s. 7. Den blei så i supplert med vidare innsamling i dei neste åra, jamfør Strategiplanen for 1995 - 2000. Mykje kom inn av di ein takka ja til tilbod frå publikum som passa inn i planane.

Men musea er ikkje berre passive mottakarar og oppbevarar av ulike typar kjeldemateriale. Musea er i høg grad **kunnskapsprodusentar** - som og skaper sine eigne kjelder: m.a. gjennom dokumentasjon og deltagande observasjon - foto, film og intervju. Mange museum dokumenterer endringar som skjer i nåtida. Ofte er det fleire ulike samlingstypar som må knytast saman for å undersøka og dokumentera eit tema. Den tradisjonelle museumsgjenstanden, for eksempel den rosemåla ølbollen frå 1700-talet, blei laga i ei tid der me har lite av andre samtidige kjelder som kan fortelja om produksjon og bruk. Ein meir moderne museumsgjenstand, – **rundballepakkaren** (produsert 1994 - 2004), som lagar "traktoregg", er ein gjenstand frå vår samtid. Her har Jærmuseet følgjande utfyllande kjelder:

- Eigenprodusert video frå produksjonen
- Brosyrar og katalogar frå marknadsføring og sal
- Instruksjonshefte / infovideo berekna på brukaren
- Eigenprodusert dokumentasjonsmateriale frå bruken i eit av museet sine samtids-dokumentasjonsprosjekt.

Museet har ikkje berre gjenstanden; det har også bedriftsarkivet. Når me kombinerer informasjon frå desse kjeldene kan me få fram historie frå ideen om eit nytt produkt, produksjon og sal, i tillegg til bruken av gjenstanden.

Me har gjennomført fleire **videodokumentasjonar av industribedrifter** før dei la ned eller flytta produksjonen: Krossens havremølle (1988), Trebånnskjereri i Oltedal (1988), Halmluting i Hå (1988), Ålgård – DFU (1993), Svanedal (1997), Kverneland – Underhaug (2004). I tillegg kjem ein del mindre prosjekt. Museet har samarbeidd med Hå gamle prestegard om kulturhistoriske utstillingsprosjekt der me sit att med dokumentasjonsmateriale (registreringar av ting i privat eige: leiketøy, klede, bunad) og innsamla gjenstandsmateriale (650 T-skjorter).

3.1.1 Forsking- og dokumentasjonsprosjekt som er gjennomførte

Nedanfor lister me opp prosjekt museet har gjennomført og som har gitt ny kunnskap om liv og verksemd på Jæren.

"Krossens havremølle" 1988 - 1989 Dokumentasjon av historia, intervju, videoopptak av mølla i drift, registrering og oppmåling av maskinar og utstyr med tanke på at mølla i Sandnes skulle rivast. Oppdrag for Sandnesmuseet.

"Med sauen til heis" 1992 - 1997 Innsamlings- og dokumentasjonsprosjekt om sauebøndene i Sør Rogaland og den spesielle driftetrafikken som er blitt drive her frå 1830-åra til i dag. I samarbeid med Jæren Smalalag og sau- og geitealslaga i Jæren og Dalane.

"Ljåsmiing" 1992 – 1997 Dokumentasjon av ljåsmiing i Gjesdal ljåfabrikk med to personar som var med på ljåproduksjon i Kvernelands fabrikk rundt 1950. Norsk Handverksregister, Maihaugen gjennomførte dette i samarbeid med museet. Som del av prosjektet blei det bygd ljåsmie i verkstaden på Vitengarden. Her er det produsert om lag 40 nye ljåar.

"Teknologisk endring og produktutvikling" 1995 – 1998 Dokumentasjon av arbeidsprosessar, arbeidsorganisering og arbeidsmiljø i reiskapsfabrikkar på Jæren og systematisering av jordbruksreiskapa frå Kyllingstad plogfabrik, Kvernelands Fabrikk og F.A. Underhaugs fabrikk.

"Bonde eller kone" 1996 Dokumentasjon av bondekvinna på Jæren i 1996 som del av jubileumsfeiringa til Norges Bondekvinnelag sitt 50 års jubileum. I samarbeid med alle bondekvinnelaga på Jæren.

"Jærske mattradisjonar" 1997 – 1998 Innsamling av munnleg tradisjon, kjeldestoff og litteratur om mat og mattradisjonar på Jæren. I samarbeid med alle bondekvinnelaga på Jæren.

"Plast i jordbruket" 1997 – 1998 Del av forskingsprosjektet "Plast i det moderne Norge", eitt samarbeid mellom seks muse. Kartla plastens inntog frå forsøk med gras i plastsilo i 1952 til 1975 då dyrking under plast bare var eit av mange felt der plasten i jordbruket hadde fått fotfeste.

"Mjølk eller gulrot" 2000 – 2001 Frå mars 2000 til mars 2001 følgde me arbeidet på eit gardsbruk på Vik i Klepp. Her dokumenterte me driftsforma på garden gjennom å videofilma, fotografera, skildra og intervjua dei som bur og arbeider her.

"Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet" 2000 Eit "Dokument 2000" prosjekt innafor Samtidnettverket. Her stod dei flyktige møta mellom publikum og dei som arbeider på flyplassane på Sola og på Karmøy i fokus.

"Rundballepakkaren" 2004 – Videodokumentasjon i bedrifa Kverneland Nærø (tidl. Underhaug) der me følgde historia om og produksjonen av rundballepakkaren før denne avdelinga av Kverneland ASA blei nedlagt og produksjonen flytta til Tyskland. Museet overtok bedriftsarkivet frå denne avdelinga og firmaet F.A. Underhaug.

"Skjøtselsmetodar for lynghei" 2004 – 2014 Pågåande prosjekt som omfattar dokumentasjon av lyngbruk og utvikling av skjøtselsmetodar der me overfører kunnskap frå eldre informantar til nye generasjonar. I samarbeid med Bioforsk Særheim.

"Jærert" 2009 - 2010 Jærert vart dyrka på Jæren og nytta til mat fram til rundt 1950, men forsvann då gradvis. Forprosjekt i samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving, Arkeologisk Museum Stavanger og Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga med mål å få opp ein grunnstamme av Jærert, få erfaring i dyrking, hausting og finna grunnlag for kommersiell dyrking av Jærert. Prosjektet blir nå vidareført av Norsk Landbruksrådgiving Rogaland i samarbeid med Bioforsk Særheim og Måltidets hus på Ullanhaug som prøver ut metodar for oppbevaring slik at dei kan seljast som ferskvare over ein lengre tidsperiode.

Museet har sidan starten samla **privatarkiv**. Dei inneholder dokument som styreprotokollar, saksarkiv, lagsaviser, reklame, foto, film, katalogar og andre småtrykk frå verksemda i bedrifter. I tillegg til Jærmuseet si samling er det fleire arkiv i Sandnesmuseet si samling.

Samlinga av privatarkiv fordeler seg i dag på desse tema:

Mekanisk industri – 10 nr., Trevare- trelast- møbler – 5 nr., Tekstilindustri – 8 nr., Leirvare – 6 nr., Møller- og matindustri – 5 nr, Samferdsle – 1 nr, Samarbeidstiltak, faglag o.a. – 17 nr., Lag- og organisasjonar – 13 nr., Handel - 8 nr., Bank - 1 nr., Personarkiv – 7 nr.

Jærmuseet har gjennom det siste tiåret fått ansvar for kulturhistoriske bygningar i dei fleste kommunane på Jæren. Alle desse bygningane står på sine opphavlege tufter, det vil sei i sitt rette miljø. Dette skil Jærmuseet sine bygningar frå friluftsmusea som t.d. Maihaugen og Norsk Folkemuseum. Jærmuseet eig sjølv ni **kulturhistoriske bygningar**.

Mange av bygningane inneholder gjenstandar frå museumssamlinga, anten som del av miljøutstillingar eller dei er magasinerte i bygningane. Fleire av bygningane står samla i gardstun med omliggande inn- og utmark. Det er **kultur- og naturlandskap** som også blir forvalta eller formidla av Jærmuseet. Jærmuseet blei i si tid lokalisert til området Kvå – Audamotland i Hå av di dette ligg i tilknyting til eit stort kultur – og fornminneområde, Hanabergmarka, som er i statens eige. Dette er også ein del av Jærmuseet sine forvaltningsoppgåver, i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland som representerer eigaren.

Museet må forvalta det store materialet me samlar inn på forskjellig vis. Ein bygning treng andre tiltak enn ein traktor eller eit intervju på lydband. Derfor deler me opp den store samlinga i ulike kategoriar. Kvar kategori har sine system for oppbevaring, registrering osb. Ansvar for forvaltninga er delt etter desse kategoriane. Me vil derfor i det vidare planarbeidet bruka ei inndeling som samsvarar med forvaltninga. Desse kategoriane er: Gjenstand, papir, foto, levande bilet, lyd, bygning, kulturlandskap.

3.1.2 Gjenstandssamling

Gjenstandssamling som museet forvaltar er på om lag 35 000 nummer. Pr. dato er 21 000 av desse registrerte i Primus, men alle er ikkje fullnøyande registrerte. Det betyr at dei ligg inne med nokre få opplysningar, men manglar t.d. foto, emneord, klassifisering og magasinpllassering. Museumssamlingane i FMS og RKM er berre delvis registrerte og katalogiserte. Det same gjeld deler av museet sine eigne samlingar. Ein del av dette er listeført, men andre deler bare har samlenummer i tilvekstprotokollen.

Gjenstandane blir oppbevarte i utstillingar og på magasin. For tida vil det sei at samlingane er spreidde på meir enn 30 ulike lokalitetar.

3.1.3 Papirarkiv

Privatarkivsamlinga ved Jærmuseet utgjer vel 348 hyllemeter. Dette er 167 privatarkiv frå firma, foreiningar og enkeltpersonar på Jæren. Mange privatarkiv inneheld foto – som me har samla i ein serie fotosamlingar.

Museet har også arkiv over eiga verksemrd. Dette inneholder også arkiv frå musea som seinare blei en del av Jærmuseet, som Sandnesmuseet, Jonas Øglænds bedriftsmuseum og Hå bygdemuseum.

Om lag 153 hyllemeter er ordna. Mesteparten av det me har fått inn er listeført og står i rullearkiv etter arkivnummer. Men nokre av dei store arkiva, som TESA er ikkje ordna i det heile.

Bedriftsarkivet til Jonas Øglænd AS er på Statsarkivet i Stavanger. Men etter ønske frå det tidligare bedriftsmuseet forvaltar Jærmuseet fotoarkivet. I tillegg samlar Jærmuseet på publisert materiale frå Jonas Øglænd AS som reklame, bedriftsblad og liknande.

3.1.4 Fotografi

Det er fotosamlingar i mange av privatarkiva. Me reknar at museet har om lag 150 000 fotografi i desse samlingane. Her er det nokre få glasplater, positive papirkopiar, negativ planfilm i ulike format, dias og digitale opptak. Det aller meste er analogt materiale. Av desse

har me pr. i dag digitalisert om lag 12 000. Fotografia blir registrerte og katalogiserte i museet sin Primus-database.

I tillegg tar museet mykje foto sjølv som dokumentasjon av eigen aktivitet eller i samband med ulike dokumentasjonsprosjekt. Museet si eiga fotosamling er på anslagsvis 100 000 foto frå tidsperioden 1983 – dags dato. Av dette er 65 000 foto tatt som digitale opptak. Resten er lysbilete og negativ film i farge og svart kvitt. 11 000 av desse er registrerte i ein eldre elektronisk database i programmet Cardbox. Her er det tekstopplysningar.

Fotosamlinga blir oppbevart i klimastyrt arkivrom i hovudkontoret til Jærmuseet på Vitengarden, Nærøbø.

Frå 2010 har me også begynt å publisera delar av samlinga på internett. Det skjer både på Fotonettverk Rogaland si heimeside og på Digitalt museum. Pr. dato er det publisert 2365 av 13 440 nummer i Primusbases. Ved publisering må me m.a. ta omsyn til personvern og fotorettar. Derfor vil det ikkje vera aktuelt å publisera alle foto.

3.1.5 Film og video (levande bilet)

Samlinga av video- og filmopptak er på om lag 200 kassettar, eigne opptak og registrerte VHS-kassettar og film på DVD i privatarkiva frå m.a. Jonas Øglænd AS, Kverneland Fabrikk, Brødr. Hetland og Polaris.

Me har dokumentert eiga verksemد på video frå 1991 og brukte video i ulike dokumentasjonsprosjekt. Nokre av desse videoprosjekta er ikkje redigerte. Dette materialet består av både analoge og digitale band, i mindre grad av digitale filer på harddisk.

Opptak (råopptak og redigerte opptak) av levande bilet er registrert i Primusbases.

3.1.6 Lydarkivet

Samling av lydopptak ved Jærmuseet tel ca. 500 opptak. Per i dag er over 90 % av disse opptak på kassettar og lydband i analogt format. 400 av opptaka ble gjort av Jærmuseet, resten kjem frå Sandnesmuseet og Hå bygdemuseum eller er ein del av privatarkiva.

Av våre eigne opptak er nesten alle intervju utskrivne på papir, med digital tekstfil. Intervju er resultat av planmessig innsamling av munnleg kjeldemateriale i samband med forskingsprosjekt som er gjennomført i museet. Intervjumateriale er i regelen ikkje tilgjengeleg for det allmenne publikum. Så å sei alle lydopptak er registrert i Primusbases og dermed søkbare.

3.1.7 Bygningar

At dei ligg i sitt opphavlege miljø betyr at me også tar vare på ein større eller mindre del av kulturlandskapet som bygningane ligg i. Museet forvaltar kulturhistoriske bygningar for kommunane: Hå - 11 bygg, Klepp – 2 bygg, Gjesdal – 10 bygg, Sandnes – 5 bygg, Randaberg 11 bygg, Time- 2 bygg. I tillegg kjem 11 bygningar i privat eige i fordelt på fleire kommunar.

FYR

Tungenes Fyr i Randaberg – fem fyrbrygningar

GARDSTUN OG BUSTADHUS

Tranegarden på Austrått i Sandnes – bustadhus og løe, nå i bymiljø

Vistnestunet i Randaberg – tre gardsbygningar

Kvia 4H-gard i Hå – fire gardsbygningar

Audamotland i Hå – fire gardsbygningar

Grødal i Hå – fem/seks gardsbygningar

Limagarden i Gjesdal – sju gardshus i tunet

Haugabakka i Klepp – folgehus, flytta til ny tomt, nå i tettstadmiljø

Garborgheimen i Time – heimehus – diktarheim

Knudaheio i Time – sommarhus - diktarheim

SMÅHUS PÅ GARDSBRUK

Nordland i Sandnes: Hjulhus over vasshjul brukta til drift av treskeverk, seinare til å male revemat.

Eskeland i Sandnes: 3 kvernhus (eit kombinert kvern- og tørkehushus).

Gjesteland i Sandnes: Kvernhus med tørke

Nord-Varhaug i Hå: Kvernhus og tørke

Vistnes i Randaberg: Potekellar

NAUST

Varhaugstranda i Hå: Tre naust og to nausttufter

HANDVERK

Indre Lima i Gjesdal – smie med bakaromn,

Vagle i Sandnes – snekerverkstad frå 1870-åra, i bruk til 1908.

Motland i Hå – smie før 1850, i bruk til 1950 om lag.

INDUSTRI

Krossens havremølle i Sandnes – bustadhus og mølle i bymiljø 1898 - 1988

Gjesdal ljåfabrikk i Gjesdal – ein fabrikkbygning frå 1912, i bruk til

SAMFUNN

Haugabakka i Klepp – skulehus og kommunehus, nå i tettstadmiljø

SAMFERDSLE

Flyhistorisk Museum Sola - flyhangar frå 1942

3.1.8 Kulturlandskap

Jærmuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er noko me gjer på Vitengarden og på fleire av dei bygdemusea. Derfor blir desse anlegga forvalta med dette for auge. Kva vil det sei å ha kulturlandskap på museum? Dette er nye problemstillingar for musea. Det handlar om menneskeskapte vegetasjonstypar, synlege og skjulte materielle kulturminne, samt immaterielle kulturminne av ulik karakter, knytta til landskapet. Til nå har det vore laga **skjøtselsplanar** der veka har vore på det naturfaglege. Gjennom Kulturlandskapsnettverket er Jærmuseet med på å utvikla nye metodar for samlingsforvaltning som er tilpassa kulturlandskap som objekt.

Fleire av anlegga har hagar. Gjennom prosjektet "Hageplanter og hagestell på Jæren" ønskjer Jærmuseet å samla kunnskap om hagar og hagestell på Jæren og etter kvart leggja om museumshagane basert på ny kunnskap og skjøtselsplanar. Ein viktig del av forprosjektet her er utvikling av database for registrering av plantemateriale. Ein forutset at dette blir gjort i tilknyting til Primus.

Hanabergmarka kultur- og fornminneområde Landskapet har minne frå geologien – ulike istider, frå jordbruk gjennom 3000 år og vegetasjonshistorie: røter frå skogen ligg i myrane. Gjennom 2000 år var landskapet lyngkledd. I dag tar gras og trær på ny over. Derfor er det sett i gang skjøtselstiltak for å kontrollera og tilbakeføra deler av det gamle landskapet. Jærmuseet Vitengarden er med i museumsnettverket for kulturlandskap med fleire prosjekt: *Skjøtselmetodar for lynghei og Norgesgarden*.

Kvia 4H-gard er også del av Vitengarden. Museet driv gardsbruket med husdyr på heilårsbasis. Museet har 32 mål fulldyrka areal og 20 dekar anna areal. Utmarka på Kviagarden er del av Hanabergmarka. Her er det ei bevaringsbesetning av den gamle kurasen vestlandsk raudkolle. Den er del av bevaringsarbeidet gjennom Norsk genressurssenter. Me er også i gang med forprosjekt om bevaring og ny produksjon av jærert, ein type erter som var vanleg å dyrka på Jæren fram til 1960-talet.

Audamotland i Hå er også del av Vitengarden. Her har museet to dekar fulldyrka jord rundt tunet. Utmarka på Audamotland er del av Hanabergmarka. Gjennom prosjektet *Norgesgarden* er me i ferd med å registrera den historiske bruken av garden m.o.t. naturressursar og jordbruksdrift.

Grødal i Hå. Husa på dei to eldste brukene, Gamlegarden og Toregarden, har vore museum sidan 1952 og 1960. Dei to tuna ligg omkransa av den dyrka marka på dei to resterande brukene på Grødal. Her er det vanleg gardsdrift. Det er hage til begge tuna på Grødal og desse vil bli del av *Hageprosjektet*.

Limagarden på Ytre Lima i Gjesdal var i drift til 1980-talet. Garden blei testamentert til kommunen. Her er kulturlandskapet prega av gardsdrift med hest og handemakt. Bøndene på Limagarden hadde aldri traktor. Hagen vil vera med i *Hageprosjektet*

Vistnestunet i Randaberg. Kommunen eig anlegget og om lag 30 daa fulldyrka jord som omkransar sjølve tunet. Utmarka og skogen er innløyst av Jæren Friluftsråd for friluftsfremål og tilrettelagt for enkelt friluftsliv med gapahuk, turveg og stier. Drifta av museumsgarden er eit samarbeid mellom kommunen og Jærmuseet. Museumsbonden har ansvar for dyra (sauer, kalkun, høns, hest, kaninar). Hagen vil vera med i *Hageprosjektet*.

Krossens havremølle i Sandnes. Kommunen eig anlegget som ligg inne i bykjernen og har vore del av eit bymiljø sidan 1898. Her er det hage med hekk og frukttrær i dag. Det bør vernast og utviklast som hage i bymiljø. Hagen vil vera med i *Hageprosjektet*

Tranegarden på Austrått i Sandnes. Kommunen eig anlegget som har tomt rundt våningshus og løe. Det framstår som to hus i ein romsleg hage. Våningshuset blei freda i 1924. Hagen vil vera med i *Hageprosjektet*.

3.2 Registrering/katalogisering

3.2.1 Nasjonale mål

Musea sine samlingar skal til ei kvar tid vera fullnøyande registrert og katalogisert. Målet er nådd når 100 % av samlingane er registrert og katalogisert etter gjeldande norm. Samlingane skal i tillegg formidlast på Digitalt museum.

Overføring av analogt materiale som foto, lyd og levande bilete til digitalt materiale er del av denne prosessen.

3.2.2 Status og mål for Jærmuseet

Jærmuseet har registrert foto og gjenstandar i elektronisk database sidan 1988. Første programmet var Cardbox, med ei fil for kvar objekttype. På 1990-talet hjelpte me fleire av bygdemusea med å registrera sine samlingar i Cardbox og me tok samstundes vare på ein kopi av desse databasane i tillegg til at me tok vare på registreringsfoto. Det galdt Gjesdal bygdemuseum, Time bygdemuseum og Hå bygdemuseum.

Frå 2001 tok museet i bruk programmet WinRegimus. Frå år 2000 begynte me å fotografera digitalt, og etter kvart tok all analog fotografering slutt. I 2008 og 2009 blei museet sine elektroniske samlingsdatabasar konverterte frå WinRegimus, Cardbox og rekneark til programmet Primus. Etter dette var 60 % av gjenstandsamlinga og 10 % av fotosamlinga vera registrert i Primus.

I Primus er det også rom for å registrera bygningar og lyd/film, noko me har gjort dei siste åra.

3.2.2.1 Definisjonar:

Registrering: Ført som tilvekst, listeført innhald, merka med nummer på enkeltgjenstand eller kasse, øskje eller annan emballasje. Foto av innkomne gjenstandar er del av registreringa.

Katalogisert: Innført i elektronisk database med relevante opplysningar, inkludert klassifisering og/eller emneord og foto der det er aktuelt.

Fullnøyande registrert og katalogisert: Museet sine samlingar består av gjenstandar, fotografi, levande bilet, lydopptak, arkivmateriale, småtrykk, litteratur. Museet har krav til korleis kvar av desse ulike media skal registrerast og katalogiserast. Ved ny tilvekst skal det vurderast kva som er fullnøyande registrering og katalogisering for den enkelte tilveksten.

Museet sine samlingar aukar gjennom årleg tilvekst. Når nye objekt tas inn skal dei vurderast og plasserast i følgjande grupper: 1. Vanleg tilvekst, høg bevaringsverdi 2. Utstilling- eller dublett. 3. Rekvisita. 4. Ikkje innlemma i samlinga. 5 Tilbakeført.ⁱ

Museet skal registrera alle samlingar og skal gjennom katalogisering få fullgodt oversyn over samlingane me har ansvar for. Denne planen med vedlegg, beskriver gjeldande krav til kvalitet i Jærmuseet. Me er ikkje à jour med dette arbeidet og planen har derfor tiltak for å nå dette målet.

3.2.3 Tiltak i planperioden

Jærmuseet har ansvar for desse museumssamlingane pr. dato.

	Gjenstandar	Fotografi	Film	Lyd	PA hm	KH bygn
Samlingar i Jærmuseet	10 654	124 359	200		370,0	9
Jærmuseet - eigenprodusert		100 000	150	383	51,2	0
Sandnesmuseet	8 000	7 700		39	26,1	8
Jonas Øglænds bedriftsmuseum	2 000	15 000	50			1
Krossens Havremølle museum	200	179				2
Hå Bygdemuseum	7 000	3		26	0,1	12
Gjesdal Bygdemuseum	4 000	300				14
Gjesdal kommune/DFU samlinga	700	-				
Klepp Bygdemuseum	150	0				2
Randaberg Bygdemuseum inkl. Tungenes Fyr med motorsaml.	1 200	10 000		27	1,5	11
NGS inkl. Garborgheimen og Knudaheio						2
Flyhistorisk Museum Sola *	700	1 000		6		1
Rogaland Krigshistorisk Museum*	1 000	4 000				0
SUM	35 604	250 741	400	487	448,9	62

*Tala som er sett for samlingane er førebels anslag. Talet for RKM er sett høgare enn FMS av di RKM har utstillingar med mange små gjenstandar. Tala vil bli justerte etter kvart.

3.2.3.1 Jærmuseet - Gjenstandar

Gjenstandar	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1983 - 2001	5892	100	4398	75	758	13	651	11
2002 - 2011	4762	100	2230	46	1886	40	840	18

Det må gjeras bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering .
- Registrera tilvekst frå 2002 – 2011
- Prioritera registrering og katalogisering av gjenstandar frå prioriterte innsamlingsfelt og utstillingsprosjekt
- Publisera dei prioriterte gjenstandane som mapper eller utstilling i Digitalt museum

3.2.3.2 Sandnesmuseet / Høyland Bygdemuseum - Gjenstander

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1931 - 2001	8000	100	2127	26	1551	19	143	1,7

Det må gjeras bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Skriv inn opplysningar frå gammal protokoll
- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering
- Prioritera registrering og katalogisering av gjenstander frå prioriterte innsamlingsfelt og utstillingsprosjekt
- Publisera dei prioriterte gjenstandane som mapper eller utstilling i Digitalt museum

3.2.3.3 Jonas Øglænds bedriftsmuseum - Gjenstander

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1982 - 2001	2000	100	1025	50	847	42	171	9

Denne samlinga vil vera ei prioritert samling i prosjektet "Det ska svara seg".

Det må gjeras bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Overføra registreringar frå rekneark til Primus
- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering

Samlingsplan pr 20.3.2012

- Prioritera registrering og katalogisering av gjenstandar frå prioriterte innsamlingsfelt og utstillingsprosjekt
- Publisera dei prioriterte gjenstandane som mapper eller utstilling i Primus

3.2.3.4 Hå bygdemuseum - gjenstandar

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1959 - 2001	7000	100	5967	85	1905	27	1734	25

Denne samlinga er kome langt i bli etablert i Primus. Vidare arbeid må vurderast i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering .
- Registrera resterande tilvekst, inkl. frå kladdekort
- Prioritera samlinga i Varden sjøredningsmuseum i 2012
- Publisera samlinga på Digitalt museum

3.2.3.5 Gjesdal bygdemuseum - gjenstandar

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1950 - 2001	4000	100	3786	94	2	0	2	0
2009	700	100	6	0		0		0

Jærmuseet overtok 2009 og 2011 forvaltninga av ei stor samling badedrakter og sportstøy produsert på DFU-Figgjo. Denne samlinga vil vera ei prioritert samling i prosjektet "det ska svara seg".

Det må geras bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering
- Pakka, registrera og katalogisera DFU-samlinga av badedrakter og sportstøy
- Prioritera registrering og katalogisering av gjenstandar frå prioriterte innsamlingsfelt og utstillingsprosjekt
- Publisera DFU-samlinga i Digitalt museum, ordna som utstilling eller mapper pr 10-år
-

3.2.3.6 Tungenes fyr og Randaberg bygdemuseum - gjenstandar

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1953 - 2009	1000	100	831	83	709	71	0	0
(motorsamlinga)	200	100	0	0	0	0	0	0

Samlingsoversyn Mange gjenstandar ved Tungenes fyr og Sjøbruksmuseet er registrerte på kladdekort. Det samla talet er anslått. 854 av desse er lagt inn i Primus saman med skann av den handskrivne registreringa. Her gjenstår å registrera opplysningane i Primus.
Motorgruppa har eit trykt oversyn over storparten av dei restaurerte motorane, med foto. Desse kan også registrerast i Primus.

- Fullføra registreringane som er i Primus
- Legga inn motorsamlinga
- Føra på plassering på alle gjenstandar
- Publisér gjenstandar på Digitalt museum

3.2.3.7 Flyhistorisk museum Sola - gjenstandar

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1985 - 2011	700	100	503	72	51	7	0	0

Det samla talet er anslått. Her er kvart fly registrert som ein gjenstand, så lite tal betyr ikkje ei lita samling. 27 av om lag 35 fly er registrert.

Det må gjerast bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Finna tal for samla gjenstandsmasse
- Registrera resterande tilvekst i Primus
- Publisera dei største gjenstandane med foto og historikk

3.2.3.8 Rogaland krigshistoriske museum - gjenstandar

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1989 - 2011	1000	100	0	0	0	0	0	0

Her må ein etablira dei stor gjenstandane i Primus og så laga ein plan for resten. Det må gjerast bevisste val når ein katalogiserer i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Finna tal for samla gjenstandsmasse
- Etablira alle større gjenstandar i Primus
- Publisera dei største gjenstandane med foto og historikk

3.2.3.9 Jærmuseet sine samlingar - fotografi

FOTO	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
Eigne opptak	100 000	100	85	0	57		58	0
I privatarkiv	124 359	100	12 277	10	1375	1	379	0

Jærmuseet registrerte i tida 1988 – 1997 både eigne opptak og foto i privatarkiv i databaseprogrammet Cardbox. Her er det nå vel 11 000 registreringar av tekstopplysningar, utan foto. Ingen av desse er lagt over i Primus.

Det er 4282 registreringar i Primus. I dei store samlingane registrerer me fleire foto på same ”kortet”. Derfor er det 12 277 foto som er registrert i Primus.

- Nummerering av fotografiar i samlingane, for å få meir presist oversyn
- Minimumsregistrering av alle foto
- Kopla digitaliserte fotografi til registreringane
- Prioriteringsliste digitalisering
- Finna og testa kva og korleis me kan publisera gjennom Digitalt museum
- Vurdera overføring av registreringar frå Cardbox til Primus

3.2.3.10 Jonas Øglænds bedriftsmuseum - fotografi

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
Skapt i bedrifta	15 000	100	5755	38	1101	7	654	4

Det må gjerast bevisste val når ein supplerer katalogiseringa i Primus. Då må ein vurdera dette i tilknyting til aktuelle prosjekt innan utstilling, dokumentasjon og forsking. Såleis må dette vurderast frå år til år innafor perioden.

- Overføra registreringar frå rekneark til Primus
- Legg inn foto, emneord, klassifisering , magasinpllassering
- Prioritera registrering og katalogisering av gjenstandar frå prioriterte innsamlingsfelt og utstillingsprosjekt

3.2.3.11 Sandnesmuseet / Høyland Bygdemuseum - fotografi

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1982 - 2001	7 700	100	1995	25	689	9	619	8

- Nummerering av fotografiar i samlingane, for å få meir presist oversyn
- Minimumsregistrering av alle foto
- Kolbe digitaliserte fotografi til registreringane
- Prioriteringsliste digitalisering
- Finna og testa kva og korleis me kan publisera gjennom Digitalt museum

3.2.3.12 Flyhistorisk museum Sola - fotografi

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1985 - 2011	1 000	100	524	72	27	7	0	0

Det samla talet er anslått. FMS har samla mykje fotografi som ikkje er originalt, dvs. det er kopiar av foto som andre har rettighetane på. Desse fotografiene vil ikkje bli registrert i Primus.

- Nummerering av fotografiar i samlingane, for å få meir presist oversyn
- Minimumsregistrering av alle foto
- Kolbe digitaliserte fotografi til registreringane
- Finna og testa kva og korleis me kan publisera gjennom Digitalt museum

3.2.3.13 Rogaland krigshistoriske museum - fotografi

Innsamlingsår	Samla tal	%	I Primus	%	Med foto	%	Publisert	%
1990 - 2011	4 000	100	2179	55	2114	53	0	0

Det samla talet er anslått. FMS har samla mykje originale fotografi. Ein god del av dette var også digitalisert og mange opplysningar finnes. Jærmuseet starta ordningsarbeidet av dette materialet hausten 2011 og har nå hatt ein prosjektarbeidar som har brukt tre månadsverk på samlinga. 62 fotosamlingar er identifisert og ordna, i samarbeid med RKM sin medlem som har hatt ansvar for innsamling og ordning. Meir enn 2000 foto er lagt inn i Primus med bilde, opplysningar er bare delvis lagt inn førebels.

- Nummerering av fotografiar i samlingane, for å få meir presist oversyn
- Minimumsregistrering av alle foto
- Kolbe digitaliserte fotografi til registreringane
- Finna og testa kva og korleis me kan publisera gjennom Digitalt museum

ⁱ Sjå liste i Primus